



Kjelt med dyr: Jorunn Gunnerød driv mellom anna med gris; stadig nye kull ser dagens lys i fjøset hennar.

FOTO: KJELL LANGMYREN

RB 8/3-13

Har trua

Satsar på framtid i landbruket

Bonde Jorunn Gunnerød trivst med 500 gris, 75 mjølkekyr og 120 ungdyr. Ho tenkjer ikkje på å legge opp.

ANITA VINGEN
anita.vingen@r-b.no

KLEIVE: Langhol gard på Kleive er ei bedrift det eigentleg trengst sju årsverk for å drive. Den vert driven av fem personar; bonde og sivilagronom Jorunn Gunnerød (37) mannen hennar, foreldra og ein tilsett. Jorunn tok over garden i 2008.

Mylkje arbeid. – Utfordringa er at det alltid er meir å gjere enn det ein faktisk rekk. Vi burde hatt fleire tilsette, men det er det ikkje økonomi til. Så da er det berre å stå på, seier Gunnerød.

– Kjelt ... – Eg tok over fordi eg syntest det var interessant og artig. Eg liker å halde på ute og med dyr, det er variert, ein får brukt mange sider av seg sjølv, seier Gunnerød. Ho er også engasjert i landbrukets organisasjonar, og oppteiken av å synleggjere bøndenes innsats

... og krevjande. Men også ho opplever det krevjande å vere kvinnebonde.

– Avløysarsituasjonen i samband med fødsels- og barselspermisjon er vanskeleg. Og kveld og helg når barna ikkje er i barnehagen, er utfordrande. Vi må i jo i fjø-

set og ta kveldsstellet – å ha med pjoekar på 2,5 og 5 år er ikkje berre enkelt. Men eg tenker at på litt sikt vil jo dette endre seg; når barna vert litt større vert det positivt for dei å sleppe å kome heim frå skulen til tomt hus. Det er jo ein fordel med bondeyrket, vi kan få vere meir saman med barna enn mange andre, poengterer Gunnerød.

Lite ferie. Men den største utfordringa er økonomi – og fritid. – Den som skal vere bonde, må vere innstilt på mykje arbeid og lite fritid. Fem vekers feire er veldig lite aktuelt, ei veke er heller ikkje enkelt – ei frihelg innimellom kan la seg gjere. Problemet er å få takt i kvalifisert arbeidskraft som kan dekke opp om viskal bort, seier Gunnerød.

Ho understrekar at med mjølkerobot må ein vere til stades døgn rundt i tilfelle nokoskulle skje.

– Og med så mange dyr som vi har, trengst det fleire i sving heile tida for å dekke opp alt av stell, seier Gunnerød.

«Kvinnebønder og bondekvinner»

MOLDE: Måndag arrangerer Bondelaget seminaret «Kvinnebønder og bondekvinner – treng vi kvinnfolk i landbruket?» på Seilet i Molde.

Kvinner rolle som matprodusentar, framtid og karriere for kvinner i landbruket, og kva grep må til for å få kvinner til å satse i landbruket – dette er mellom programpostane på seminaret.

Som tek utgangspunkt i påstanden «Det blir færre og færre «gardkjerringar» på norske gardar. Stemmer det? I så fall – korleis påverkar dette landbruket og norske bygder?

Mellom innleiarane er stortingsrepresentantane Jenny Klinge og Tove Lise Torve, nestleiar i Norges Bondelag Berit Hundåla, forfattar Astrid Brekken og pensjonert museumslektor Bjørn Austigard.

– Kva trur du om kvinners plass i landbruket i framtida?

– Mange kvinner er opptekne av ordna arbeidstid, fritid, tid med familien og fleksible ordningar. Det er utfordrande som bonde. Og så er det lite rom for å bli sjuk! På den andre sida er drifta fysisk lettare no enn før, med nye tekniske løysingar. Men så er det vel slik at kvinner kanskje kvir seg meir på det med teknikk, så det kan påverke i begge retningar. Men uansett er det omsorg for dyra som er det viktigaste, og der stiller jo kvinner like sterkt som menn, seier Gunnerød.

Vår på garden. Uansett ulemper og utfordringar har ho ikkje tenkt å legge opp.

– Sjølv om ein av og til kan lure på kva som er vitsen med å slite slik, med vanskeleg økonomi og lite fri. Men så kjem våren, og då er det ingenting som kan måle seg med å vere bonde, seier Gunnerød.